



Vang kommune

Formannskapet

Møteprotokoll

Møtedato: 03.06.2026
Møtetid: Kl. 09:00 - 18:00
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Bjørn Olav Søndrol
Leif Solemsli

Parti

ANDR
AP
BIV

Forfall

Vidar Eltun
Kristin Bakke Lajord

Parti

AP
SP

Varamedlem møtte

Lars Østbye Hemsing
Camilla Bjone Hålien

Parti

AP
SP

Ugilde	Sak	Varamedlem møtte	Merknad
Bjørn Olav Søndrol	020/26		Jf. forvaltningslova §6 første ledd.

Møtenotater:

Orienteringar:

- Kulturinnslag Valdresspelet kl.9 v/Ragnhild Lund
- Jotun Holding AS kl.9.30 v/Tor Masdal og Jon Teodor Lyster
- NAV Valdres kl.12.00 -13.30 v/Barbro Alfstad
- Status på arbeidet med næringsstrategi for Vang kommune v/Erling Oppheim
- Nytt frå næring v/Erling Oppheim
- Oppdatering på investeringsprosjekt v/landbruk og teknisk

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

019/26

Godkjenning av møteprotokoll

020/26

Behandling av rekneskap og årsmelding 2025 for Jotun Holding AS

021/26

Årsmelding og årsrekneskap for 2025

022/26

Vedtektsendring- barnehage

023/26

Søknad om tilskot frå næringsfondet - Lerhol gard og turisme.

024/26

Samlesak for delegerte saker

025/26

Samlesak for referatsaker

019/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

03.06.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 019/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

020/26 Behandling av rekneskap og årsmelding 2025 for Jotun Holding AS

Framlegg til vedtak:

Formannskapet har følgjande innstilling til generalforsamlinga:

Årsrapport 2025 for Jotun Holding AS blir godkjent.

Årsrekneskap 2025 for Jotun Holding AS og dotterselskapa blir godkjent.

Ugilde	Varamedl. møtte	Merknad
Bjørn Olav Søndrol		Jf. forvaltningslova §6 første ledd.

03.06.2026 Formannskapet

Behandling

Forslag til valg, fremja av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang

Styret reduseres til 7 personer inkl. ansatterrepr.

Gjenvalg; Helene Hauge, Torstein Brekke-Dervola og Marita Østborg.

Bjørn Olav Søndrol vart funne inhabil jf. forvaltningslova §6 første ledd.

Framlegg til vedtak med tillegg: Samrøystes vedteke

FS - 020/26 Vedtak:

Formannskapet har følgjande innstilling til generalforsamlinga:

Årsrapport 2025 for Jotun Holding AS blir godkjent.

Årsrekneskap 2025 for Jotun Holding AS og dotterselskapa blir godkjent.

Styret reduseres til 7 personer inkl. ansatterrepr.

Gjenvalg; Helene Hauge, Torstein Brekke-Dervola og Marita Østborg.

021/26 Årsmelding og årsrekneskap for 2025

Framlegg til vedtak:

1. Råd og utvalt tek årsmelding og årsmelding til vitande
2. Formannskapet sin innstilling til kommunestyret er :
 - a. Årsrekneskapen for 2025 for Vang kommune blir vedteken
 - b. Årsmelding for 2025 for Vang kommune blir vedteken

03.06.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 021/26 Vedtak:

Formannskapet sin innstilling til kommunestyret er:

1. Årsrekneskapen for 2025 for Vang kommune blir vedteken
2. Årsmelding for 2025 for Vang kommune blir vedteken

022/26 Vedtektsendring- barnehage

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek dei foreslåtte endringane i vedtektene for barnehagen slik dei ligg føre i saka.

- Endringane i punkt 1, 2, 8, 9, 23 og 27 vert vedtekne for å tilpasse vedtektene til ny politisk organisering, der Formannskapet tek over oppgåver som tidlegare låg til HULL.
- Endringane i punkt 5 om samansetjing av samarbeidsorgan vert vedtekne i samsvar med barnehagelova § 4.
- Formannskapet vedtek at alle barn skal ha minst fire veker ferie per barnehageår, der minst tre av vekene skal takast samanhengande i perioden 1. mai–20. august. Styrar kan etter søknad gje unntak dersom det ligg føre særlege grunnar.

03.06.2026 Formannskapet

Behandling

Etat for utdanning og kultur la fram saka.

Endring i tredje kulepunkt: Formannskapet viser til at alle barn skal ha minst fire veker ferie per barnehageår, og vedtek at minst tre av vekene skal takast samanhengande i perioden 1. mai–20. august. Styrar kan etter søknad gje unntak dersom det ligg føre særlege grunnar.

Framlegg til vedtak med endring av kulepunkt 3: Samrøystes vedteke.

FS - 022/26 Vedtak:

Formannskapet vedtek dei foreslåtte endringane i vedtektene for barnehagen slik dei ligg føre i saka.

- Endringane i punkt 1, 2, 8, 9, 23 og 27 vert vedtekne for å tilpasse vedtektene til ny politisk organisering, der Formannskapet tek over oppgåver som tidlegare låg til HULL.
- Endringane i punkt 5 om samansetjing av samarbeidsorgan vert vedtekne i samsvar med barnehagelova § 4.
- Formannskapet viser til at alle barn skal ha minst fire veker ferie per barnehageår, og vedtek at minst tre av vekene skal takast samanhengande i perioden 1. mai–20. august. Styrar kan etter søknad gje unntak dersom det ligg føre særlege grunnar.

023/26 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Lerhol gard og turisme.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for formannskapet til handsaming og avgjerd utan tilråding frå administrasjonen.

03.06.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak, fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre

Vang kommune ved formannskapet løyver kr. 425 303,- til Lerhol gard og turisme v/ Knut Lerhol.

Tilskotet, som utgjer 25% av godkjent kostnadsoverslag eks. mva., skal nyttast til å delfinansiere gjennomføringa av prosjektet Levande husmannsplass - berekraftig istandsetting med tilhøyrande opplevingsprodukt. Tilskotet er løyvd i samsvar med retningslinene for tilskot til berekraftig samfunnsutvikling.

Tilskotet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Utbetaling skjer etterskotsvis etter gjennomført tiltak, mot innsending av rapport og stadfesta prosjektrekneskap.
- Tilskotet vert avgrensa til dokumenterte og godkjende kostnader i tråd med søknaden.
- Tilsegn om tilskot fell bort 2år etter vedtak.

Kostnadsdekning: 1470.325.500. – Næringsfondet

Kommunedirektøren var inhabil jf. forvaltningslova §6. Ole Martin Alfstad møtte for kommunedirektøren.

Næringsrådsgjevar Erling Oppheim la fram saka.

Framlegg til vedtak lagt fram av Jørand Ødegård Lunde (ANDR): Samrøystes vedteke

FS - 023/26 Vedtak:

Vang kommune ved formannskapet løyver kr. 425 303,- til Lerhol gard og turisme v/ Knut Lerhol.

Tilskotet, som utgjer 25% av godkjent kostnadsoverslag eks. mva., skal nyttast til å delfinansiere gjennomføringa av prosjektet Levande husmannsplass - berekraftig istandsetting med tilhøyrande opplevingsprodukt. Tilskotet er løyvd i samsvar med retningslinene for tilskot til berekraftig samfunnsutvikling.

Tilskotet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Utbetaling skjer etterskotsvis etter gjennomført tiltak, mot innsending av rapport og stadfesta prosjektrekneskap.
- Tilskotet vert avgrensa til dokumenterte og godkjende kostnader i tråd med søknaden.
- Tilsegn om tilskot fell bort 2år etter vedtak.

Kostnadsdekning: 1470.325.500. – Næringsfondet

024/26 Samlesak for delegerte saker

Delegerte saker blir tatt til orientering

03.06.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 024/26 Vedtak:

Delegerte saker blir tatt til orientering

025/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

03.06.2026 Formannskapet**Behandling**

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 025/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering